

Velkomen til undervisningsdag med FN-sambandet!



FN-sambandet region sør-vest har gleda av å tilby ein undervisningsdag til dykkar skule. Gjennom berekraftige og klimavennlege aktivitetar skal me verna om naturen, styrka lokalt biologisk mangfald og i samband med pilegrimseglasen ta vare på skaparverket. Elevane gjennomfører ein utandørs «berekraftsti».

Skuleopplegget vil vera stasjonsbasert undervisning i strandsona. Opplegget er særleg retta mot elevar frå ungdomsskulen, men fungerer og fint for dei eldste elevane på mellomtrinnet.

Berekraftstien har desse elementa:

- Teoretiske **oppgåver om FNs berekraftsmål** gjennom praktiske gruppeaktivitetar
- **Strandrydding:** Ut ifrå lokale tilhøve leitar elevane etter plast og annan forureining, ved å rydda stranda eller fjæra
- **Forskarspirar:** Sortering og utforsking av , elevane analyserer og registrer på skjema
- **Dataregistrering:** Elevane legg sjølv inn resultatane direkte via PC/nett til bruk forskning
- **Kulturelt og biologisk mangfald:** Vi konstruerer saman ein lokal «gradient» frå sjøen og opp til støl/fjellbeite, der elevane er med å fylla inn små og store element
- Om mogleg får alle ein smakebit av eit **berekraftig måltid**

Målet med undervisninga er å la elevane vera aktive med handlingar knytt til FN sine tema og lokal berekraftig utvikling, som samstundes reduserer marin forureining. Som basis nyttar vi FNs berekrafts-delmål 4.7 og dei tre tverrfaglege tema i «Fagfornyninga»:

- Demokrati og aktivt medborgarskap
- Folkehelse og livsmeistring
- Berekraftig utvikling

Vi trur at opplegget vil ha overføringsverdi for lærarar som skal ta i bruk dei nye læreplanane.

Helsing
Arne Øi

FN-sambandet sør-vest v/kontoret i Bergen

<https://www.fn.no/om-oss/Avdelinger/Regionavdeling-Soer-vest>